

AVTALE

MELLOM

**ETNE KULTURHUS AS OG HORDALAND FYLKESKOMMUNE OM LEIGE AV
FLEIRBRUKSHALLEN**

- 1) Hordaland fylkeskommune har leigerett til heile fleirbrukshallen med tilhøyrande garderobeavdelingar 17,5 klokkeimar pr veke i skoletida mellom kl 08.00 og kl 15.00.
- 2) Avtalen er tidsbestemt og gjeld frå 1. januar 2012. Oppseiingstid er 2 år, likevel slik at utflytting skjer etter at skuleåret er fullført (15. juli).
- 3) Leiga er kr 665 000 pr. skoleår.
- 4) I leiga er reinhald, vaktmeister, vedlikehald, oppvarming, kommunale avgifter og fornying av større utstyr i idrettsanlegget medrekna.

Styrketreningssrommet inngår også i leigesummen i pkt 3.

Skolen skal disponere lagerrom for å kunne låse inn sitt utstyr. Skolen skal ha tilgang til felles utstyr i hallen.
- 5) Etne Kulturhus AS får 2,5 mill kr i kapitalinnskott 15. januar 2012 frå Hordaland fylkeskommune.
- 6) Leiga blir etter krav frå utleigaren betalt i to like store delar 15. januar og 1. september. Leiga kan bli regulert kvart år. Auken må ikkje utgjera meir enn 100% av stigninga i SSB sin konsumprisindeks, med basis i 1. januar 2012. Første gang med verknad frå 1.1.2013. Basisindeks for avtalen er indeks pr. 15.10 2011 (130,5). Ved regulering skal ein nytte basisindeks og indeks pr. 15.10 året før reguleringa trer i kraft.

Energikostnaden utgjør 11,14% av leiga, rekna ut frå kr 1,24 pr Kwh. Etter kvart år skal det bli gjort ei avrekning ut frå faktisk energipris og forbruk siste året målt mot delen som inngår i leiga.
- 7) Skolen skal ha rett til å nytte hallen utanom vanleg skoletid til to dagsarrangement innanfor kulturhuset sin opningstid. Tidspunkt for desse arrangementa skal avtalast særskilt med utleigaren seinast tre månader før arrangementet finn stad. Dersom utleigar har behov for å bruke hallen i oppsett leigetid skal han ta kontakt med leigar seinast tre månader før aktuell dato eller etter nærmare avtale.
- 8) Eventuell tvist om forståing eller gjennomføring av denne avtalen vert gjort ved voldgift etter gjelande reglar.

Etne, den 09.01.2012


ETNE KULTURHUS AS

Bergen, den 7.3.2012


HORDALAND FYLKESKOMMUNE

AVTALE

MELLOM


**ETNE KULTURHUS AS OG HORDALAND FYLKESKommUNE OM LEIGE AV
MULTIMEDIASAL OG FOTOROM**

- 1) Hordaland fylkeskommune har leigerett til fullt utstyrt multimediasal 30 klokke­timar pr skoleår og fotorom med 5 klokke­timar pr veke i skoletida mellom kl 08.00 og kl 15.00.
- 2) Avtalen er tidsbestemt og gjeld frå 1 januar 2012. Oppseiingstid er 1 år, likevel slik at utflytting skjer etter at skuleåret er fullført (15. juli).
- 3) Leiga er kr ~~30 000~~^{15 000*} for multimediasalen og kr 50 000 pr skoleår fotorommet.
- 4) I leiga er reinhald, vaktmeister, vedlikehald, oppvarming, kommunale avgifter og fornying av større utstyr medrekna.
- 5) Skolen skal disponere ein lagerplass/lagehyllje i lagerrommet som høyrer til fotorommet.
- 6) Leiga blir etter krav frå utleigaren betalt i to like store delar 15 januar og 1 september. Leiga kan bli regulert kvart år. Auken må ikkje utgjera meir en 100% av stigninga i SSB sin konsumprisindeks, med basis i 1. januar 2012. Første gang med verknad frå 1.1.2013. Basisindeks for avtalen er indeks pr. 15.10 2011 (130,5). Ved regulering skal ein nytte basisindeks og indeks pr. 15.10 året før reguleringa trer i kraft.
- 6) Bruk av multimediasal skal avtalast med Etne Kulturhus AS seinast 3 månader på førehand. Bruk av fotorom 5 timar pr veke vert avtalt for kvart skoleår. Endringar avtalast mellom leigetaker og utleigar.
- 7) Eventuell tvist om forståing eller gjennomføring av denne avtalen vert gjort ved voldgift etter gjelande reglar.

Etne, den. 09.01.2012

Bergen, den. 7.3.2012


ETNE KULTURHUS AS


HORDALAND FYLKESKommUNE

* se vedlegg 1